

#Utanfilter nr 2 – Magasin og digitale forteljingar i framtidsfylket

Framtidsfylket søker med dette støtte til å produsere eit magasin nr 2 – i trykt og digitalt format – for å bidra til eit sterkare omdømme av Sogn og Fjordane.

Tanken bak magasinet er å marknadsføre Sogn og Fjordane under eitt. I dag jobbar mange aktørar for kvar sin del av fylket, både på region- og kommunenivå. Framtidsfylket ynskjer å synleggjere livet og kvalitetane i heile fylket.

I 2016 gav vi ut første utgåve av magasinet, og vi valde å kalle det #Utanfilter. Samtidig lanserte vi kampanjen Dont't be a donkey - #beasognandfjording. Vi har fått mykje positiv tilbakemelding på produktet. Magasinet ligg difor digitalt som www.beasognandfjording. Her skal det fyllast på med artiklar.

Magasinet vert eit ledd i ei langsiktig endring av omdømmet til Sogn og Fjordane. Innhaldet skal ha eit journalistisk fundament, med gode historier som implisitt formidlar verdiane og fordelane av eit liv i fylket vårt. Vi vil vekke frå kom-tilbake-bodskap, lokke-kampanjar og glansa framsider, og heller marknadsføre dei reelle mogelegheitene og kvalitetane som finst i fylket. Stikkord vil være næringsliv, livsstil, oppvekst, samhandling, verdier og gründerskap.

Målsetninga er todelt:

- tiltrekke potensielle tilflyttarar til Sogn og Fjordane.
- bygge intern stoltheit blant innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Målsetjinga for den trykte versjonen er å produsere eit magasin, der høg kvalitet er gjennomgåande for tekst, bilete, grafikk, papir og trykk. Den digitale versjonen skal ta historiene vidare. Dei digitale historiene vil kunne brukast viralt av mange aktørar i fylket, og sikrar ei lengre levetid av magasinet. Digitalt vil vi også kunne fylle på med nye historier i løpet av året.

Magasinet skal produserast årleg og delast ut på karrieremessene der vi treff ei hovudmålgruppe. I tillegg vert magasinet distribuert i fylket på strategisk utvalde arenaer som konferansar, festivalar, kafeer mm. Innhaldsproduksjon vil Framtidsfylket ha ansvaret for, men vil måtte leige inn ekstern lokal kompetanse på noko journalistisk arbeid samt grafisk oppsett av magasinet. Samarbeidspart på det grafiske vert same som i fjor: Artwerk i Florø.

Vi trur det er viktig å sjå Sogn og Fjordane med eit friskare blick. Ved å synleggjere kvalitetar, verdier og mogelegheiter håpar vi at eksisterande innbyggjarar vert stolte av kva fylket har å tilby, og ikkje minst at fleire tilflyttarar får auga opp for Sogn og Fjordane. Ein må vite at noko eksisterer for å kunne velje det.

Framtidsfylket håpar på dykkar støtte til dette tiltaket.

Førde 4. juli 2016

Gro Rukan
Dagleg leiar
Framtidsfylket AS

